



Skodvin Montessoriskule styre v/ Irmelin S. Larsen  
Fagervollen 5  
5956 HUNDEVIN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/965 - 16/12509

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
10.05.2016

## Svar på søknad om oppretting av parkeringsplass ved Skodvin Montessoriskule - gbnr 94/8 Skodvin nedre

Teknisk drift syner til brev motteke 11.03.2016 vedkomande søknad om oppretting av parkeringsplass langs kommunal veg Skodvin Montessoriskule – gbnr 94/8 Skodvin nedre.

### Vedtak:

Teknisk drift har vurdert innkommen søknad og må informere Dykk om at vi ikkje kan godkjenne den løysinga som er skissert i søknad. Teknisk drift grunnjev avslaget med at denne typen parkeringsplass langs veg er svært uheldig. Parkeringsplass som vist i søknad, der born må krysse veg for å komme til skulebygg, er ikkje eit trafikktryggingstiltak. Born har ikkje same føresetnad for å oppfatte trafikksituasjona i og langs vegen. Born har ikkje forståing om at fører av kjøretøy ikkje ser dei i mørke når dei sjølv ser lysa frå billykta. Dei har heller ikkje føresetnad for å forstå at fører kan være opptatt av andre trafikale forhold i og langs vegen (kjøretøy som rygger, møtande trafikk osv), og at fører dermed ikkje ser dei når dei kjem ut mellom parkerte kjøretøy for å krysse vegen. Parkeringsplass må være plassert på same side som skulebygget. Parkeringsplassen må også ha ei definert avkjørsle og ha tilstrekkeleg snuareal utanfor vegområdet slik at ein unngår rygging inn og ut frå kommunal veg.

Teknisk drift har skissert ei muleg løysing på parkeringsproblematikken ved skulen. I vedlagt eksempel på ei løysing har Teknisk drift vurdert utviding av eksisterande parkeringsplass med ei innkjøring og ei utkjøring frå kommunal veg (sjå vedlagt situasjonskart).

*Det er med heimel i Veglova § 29, 40,41,42 og 43 med tilhøyrande regelverk at vegmynde sett krav til tiltak langs offentleg veg.*

### Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunnjevast.



**Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:**

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Eksempel på parkering ved Skodvin Montessoriskule

**Kopi til:**

Avdelingsleiar veg  
Fagsjef veg  
Lindås kommune ved byggesak

**Mottakarar:**

Skodvin Montessoriskule styre v/  
Irmelin S. Larsen

Fagervollen 5

5956

HUNDVIN